

Protokoll frå styremøte i Språkrådet 23. april 2018

<i>Til stades</i>	Erik Ulfsby, Trond Trosterud, Jan Erik Knarbygg, Eli Bjørhusdal, Torunn Reksten, Terje Lohndal og Bjørg Nesje Nybø
<i>Frå sekretariatet</i>	Åse Wetås (direktør) og Åsa Kaldhussæter (rådgjevar i administrasjonen), Karl Henrik Steinsholt (administrasjonssjef, S 22/18 og 23/18) og Sturla Berg-Olsen (seniorrådgjevar, S 27/18)
<i>Forfall</i>	Hege Myklebust
<i>Møtestad</i>	Språkrådet, møterom 30 i 1. etasje, Observatoriegata 1 B, Oslo
<i>Møtetid</i>	12:00–16:00 + middag klokka 16:30 med dei avtroppande styremedlemmane
<i>Møteleiar</i>	Ulfsby
<i>Referent</i>	Kaldhussæter

Sakliste

Konstituering

- S 20/18 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet
- S 21/18 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 22. februar 2018

Vedtaksaker

- S 22/18 Rekneskap og økonomisk situasjon per 31. mars 2018
- S 23/18 Budsjett 2018 med kontoendringer for seksjonstiltak
- S 24/18 Møteplan for 2018 og 2019
- S 25/18 Program for styrets todagarsmøte i juni
- S 26/18 Resultatmål 2019. Innspel til KUD
- S 27/18 Normeringssaker

Drøftingssaker

- S 28/18 Revisjon av strategisk plan

Informasjonssaker

- S 29/18 Orienteringssaker
 - a) Direktørens orientering
 - b) Årsrapport 2017
 - c) Mønsterpraksisprosjektet
 - d) Evaluering av Språkdagen – form og innhald
 - e) Tilsetjing av ny seksjonssjef
 - f) Revisjon av språklege retningslinjer til stadnamnlova.
 - g) Språkprisen. Kandidatar og rammeopplegg
 - h) Teiknspraksprisen. Arrangement
 - i) Implementering av personvernforordninga
- S 30/18 Sjukefråver
- S 31/18 Høyringar (saka går ut – ingen aktuelle høyringsfråsegner)
- S 32/18 Mediesaker
- S 33/18 Frå fagråda
- S 34/18 Orientering om arbeidet i Språkrådets framtidsutval (munnleg orientering v/ Terje Lohndal)
- S 35/18 Eventuelt

Sidan det har kome nye medlemmar i styret var også varaar innkalla til dette møtet. Før konstitueringa hadde styret ein presentasjonsrunde.

Konstituering

S 20/18 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet

Sakspapir: Saklista 23. april 2018

Vedtak: Innkallinga og saklista er godkjende.

S 21/18 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 22. februar 2018

Sakspapir: Framlegg til protokoll

Vedtak: Protokollen frå styremøte 16. februar 2017 er godkjend.

Vedtaksaker

S 22/18 Rekneskap og økonomisk situasjon per 31. mars 2018

Sakspapir: Rekneskapsrapport per 31. mars og taloppstilling

Vedtak: Styret tek kvartalsrekneskapen til etterretning.

S 23/18 Budsjett 2018 med kontoendringar for seksjonstiltak

Sakspapir: Notat frå administrasjonssjefen og budsjettoppsett

Vedtak: Styret vedtek budsjett 2018 med kontoendringar.

S 24/18 Møteplan for 2018 og 2019

Sakspapir: Forslag til møteplan for 2018 og 2019

Vedtak: Styret vedtek møteplanen til og med april 2019.

S 25/18 Program for styrets todagarsmøte 11. og 12. juni

Sakspapir: Notat frå direktøren

Vedtak: Styret vedtek planen for styremøtet i juni med dei merknadene som kom fram i møtet.

S 26/18 Resultatmål 2019. Innspel til KUD

Sakspapir: Notat frå direktøren

Vedtak: Språkrådet leverer i tråd med styrets vedtak innspel til Kulturdepartementet til resultatmål for verksemda i 2019.

S 27/18 Normeringssaker

Sakspapir: Saksførelegg frå direktøren og forslag frå fagrådet for normering og språkobservasjon + støtteark utdelt på møtet

Seniorrådgjevar Sturla Berg-Olsen heldt først ei innleiing om normering og genus. Han tok så føre seg forslaga i sakspapiret. Styret slutta seg til alle normeringsforslaga.

Vedtak:

- 1) I nynorsk og bokmål blir inkjekjønn teke ut av norma for desse substantiva som i dag har valfritt hankjønn eller inkjekjønn: *rapp* 'augneblink', *gelatin*, *terpentin* og *turmalin*.
- 2) I nynorsk blir hankjønn teke ut av norma for substantivet *acetylkolin*, som i dag har valfritt hankjønn eller inkjekjønn. Ordet blir normert med berre inkjekjønn også i bokmål, der det tidlegare ikkje var normert.
- 3) I nynorsk blir inkjekjønn teke ut av norma for dette substantivet som i dag har valfritt hankjønn eller inkjekjønn: *vask* 'det å vaske; noko som blir vaska på éin gong'.
- 4) I nynorsk får følgjande substantiv endring i normeringa fra inkjekjønn til hankjønn: *glyserin* og *nitroglyserin*.
- 5) I bokmål bli inkjekjønn teke ut av norma for desse substantiva som i dag har valfritt hankjønn eller inkjekjønn: *bombasin* og *ultramarin*.
- 6) Normeringa av samansetningar med orda i 1)–5) som etterledd skal i kvart tilfelle følgje normeringa av grunnordet.

- 7) Etter vedtak i styret vert vedtaka registrert i Norsk ordbank, kunngjort på passende måte av Språkrådet og ved høve oppført i Bokmålsordboka og Nynorskordboka.

Drøftingssaker

S 28/18 Revisjon av Språkrådets strategiske plan 2016–2019

Sakspapir: Saksførelegg frå direktøren og strategisk plan for Språkrådet 2016–2019

Vedtak: Administrasjonen kjem med framlegg til justering av strategisk plan til junimøtet, med dei føringane styret gav.

Informasjonssaker

S 29/18 Orienteringssaker

- a) Direktørens orientering**
- b) Årsrapport 2017**
- c) Mønsterpraksisprosjektet**
- d) Evaluering av Språkdagen – form og innhald**
- e) Tilsetting av ny seksjonssjef**
- f) Revisjon av språklege retningsliner til stadnamnlova**
- g) Språkprisen. Kandidatar og rammeopplegg**
- h) Teiknspråksprisen**
- i) Implementering av personvernforordninga**

Sakspapir:

- a) Munnleg orientering
- b) Årsrapport 2017
- c) Notat frå seksjonen for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning
- d) Notat frå kommunikasjonsavdelinga og seksjonen for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning
- e) Notat frå direktøren
- f) Notat frå seksjonen for språkrøkt og språkrådgiving
- h) Notat frå seksjonen for språkrøkt og språkrådgiving
- i) Notat frå administrasjonssjefen

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering. Styret bed administrasjonen om ein grundigare gjennomgang av utfordringane knytt til implementering av personvernforordninga i Språkrådet, med frist 10. mai.

S 30/18 Sjukefråvær

Sakspapir: Notat frå administrasjonssjefen

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 31/18 Høyringar

Saka går ut – ingen aktuelle høyringsfråsegner

S 32/18 Mediesaker

Sakspapir: Notat frå kommunikasjonssjefen og medierapport januar–april

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering. Til kommande møte er det ønske om ein litt meir komprimert og oppsummerande rapport.

S 33/18 Frå fagråda

Sakspapir: 1. Referat frå fagrådet for språkrøkt og språkobservasjon 24.1.18
2. Referat frå fagrådet for språk i skule og offentleg forvaltning 16.3.18

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 34/18 Orientering om arbeidet i Språkrådets framtidsutval (munnleg orientering v/ Terje Lohndal)

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 35/18 Eventuelt

Ingen saker til eventuelt.

Godkjenning

Protokoll frå møtet 23. april 2018 er godkjend 12. juni 2018

Erik Ulfsby

Trond Trosterud

Torunn Reksten

Eli Bjørhusdal

Terje Lohndal

Jan Erik Knarbakk

Bjørge Nesje Nybø